



Ikkje unaturleg lokkar Gro med julestjerner ved opninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ved middagstid torsdag opnar Gro Hjelmeland blomebutikken i Sætrebygningen og realiserar dermed ein gamal draum. Det blir ein ny og spanande tilvekst til servicetilbodet i bygda. Ho har no søkt om etableringstilskott frå kommunen sitt næringsfond.**

Det første året tek ho sikte på å vera stort sett åleine bak disken seks dagar i veka, men deretter vil ho satsa på å tilsetta hjelp slik at ho kjem ned i normal arbeidstid.

Gro har leigd 80 kvadratmeter av Trond Olsen i første etasje og med god hjelp av familie og vener har ho på få veker omdanna lokala til ein riktig triveleg blomebutikk.

- Alle som kjem innom kan skriva namnet sitt og dermed tevla om eit gåvekort på 1.000 kroner og blomar. Trekninga skjer ved stengt tid laurdag, fortel Gro til uskedalen.no.

I søknaden om etableringstilskott frå kommunen sitt næringsfond opplyser ho at Kvinnherad Sparebank har ytt lån til etableringa, men at ho reknar med å bruka ca. 300.000 kroner for å koma i gang.

Ho har arbeidd i over 20 år i bransjen og har fått mange gode tilbakemeldingar frå bygdefolket, skriv ho. Folk meiner at ein slik nyetablering er med og skapar ein positiv utvikling for Uskedalen.

Gro har utdanning frå Statens Gartner- og blomsterdekoratørscole på Veia i Ringsaker og tok fagbrev som blommedekorator i 1998.

Vedtektene til næringsfondet seier at tilskot ikkje skal overstiga meir enn 50 prosent av den samla kapitaltrongen til etablering av verksemda.

Av Ola Matti Mathisen